



Tennar ein bål utandørs kan det gå slik (Foto: Geir Remme)

**Etter mange gras- og lyngbrannar har Brannsjefen i Kvinnherad kommune frå i dag måndag innført forbod mot å tenne open eld utandørs.**

Det er svært tørt i overflatevegetasjonen, og det skal veldig lite til for at det byrjar å brenna.

**Om du er den første som oppdagar ein gras eller bråtebrann, bør du gjere følgjande:**

- Varsle brannvesenet på nødnummer 110 om brannen. Fortell kven du er, gje beskjed om korleis du kan nåast. Det er svært viktig å gje nøyaktig stad til brannstaden.
- Start slökkingsarbeidet med tilgjengelege ressursar. Brekk eller hogg eit lite lauvtre på cirka to meter og fjern kvister nedan i frå til du sitter igjen med ein dusk itoppen. Dette er eit svært effektivt reiskap om den vert brukt som ein feiekost på brennande organisk materiale. Kost/fei flammene tilbake i brannområdet. Ikkje slå, det har dårligare effekt og kan til og med gjere vondt verre
- Prøv å behalde fatninga og fordel tilgjengelege ressursar på kvar side av eldens flanker
- Sørg for tilstrekkelig etterslökking og vakthold. Vær særlig merksam om det er meldt om vind eller vindauking
- Skogbrannslökking er farleg arbeid. Vis stor forsiktighet og kom deg ut av området før flammene omringer deg. Ta ikkje sjansar!

**Brannsjefen vil følgje dette opp framover og ber alle innbyggjarar i kommunen om å følgje forbodet.**

Grete Nesheim

## Brannsjef